

Dispensasjon for 64 meter lang kai

18.04.2012

[Kai på 64 meter kan byggjest her](#)

I dag har forvaltningskomiteen samrøystes gjeve dispensasjon for bygging av kai og flytekaier ved Eikelandet. Rammeløyve gjeld for ei kai som er 5 meter brei og 64 meter lang med 4 uteliggjarar kvar på 8 meter lengde ut frå kaia.

Det er Sagvåg Invest AS ved Geir Rusten som står som tiltakshavar medan J. Tufteland på Stord er søkjar. Anlegget har samanheng med bustadprosjektet som har vore på teiknebrettet lengje og som Rusten overtok..

[Forvaltningskomiteen hadde viktige saker også frå uskedalen på agendaen i dag](#)

Søknaden vart sendt inn så tidleg som midt i september ifjor.

Grunnen til at handsaminga har teke rundt eit halvt år er å finna både i kommunen og hos tiltakshavar, får uskedalen.no opplyst frå saksbehandlar Jon Harald Kjærland.

To andre og viktige saker frå Uskedalen var også oppe i komiteen i dag - det var dei 2 bustadplanane for Halsabrotet. Også dei gjekk samrøystes igjennom og vil bli eigengodkjende i kommunestyret 26. april.

Det er i samband med den øvre planen (Huglen og Bjørnebøle) gjennomført ein geoteknisk registrering og det førte til ein privatrettsleg avtale mellom 2 skogeigarar for å unngå snøras i framtida

I samband med dette påpeika Bjarne Berge (H) at det kan bli eit hyppig problem i framtida og at ein bør vera merksamme på det i ein tidleg planleggjingsfase slik at det kan gjerast avtale om restriksjonar. Dei bør gjelda både for snøras og vanleg ras.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen